



DEN NORSKE KYRKJA
Kjølsdalen sokneråd

ÅRSMELDING 2017



**MIRIAM SI
FOTELJING**

JULEEVANGELIET

Kjølsdalen kyrkje
Tysdag 5. desember kl 19.00

AKTIVITETEN I KYRKJA OG SOKNET

I 2017 har det vore 18 forordna gudstenester og ei skulegudsteneste.

I tillegg vart det arrangert ei friluftsgudsteneste på Naturmøteplassen. Dette var fellesgudsteneste for alle sokna i kommunen, eit samarbeid mellom Trusopplæringa i Eid og Kjølsdalen sokneråd.

Det har vore til saman 6 barnedåpar, og det var 3 konfirantar.

Det vart ikkje gjennomført gravferd frå Kjølsdalen kyrkje i 2017.

I takkoffer kom det inn i alt kr 29.509,90 til ulike organisasjonar og kr 6.543,- til kyrkjelydsarbeidet. Kjølsdalen sokneråd har i 2017 fått oppretta Vipps-konto, med Vipps-nummer 14045. Dette har vore etterlyst av den yngre garde i samband med gudstenester/ofringar i kyrkja. Nummeret kan nyttast i samband med offer under gudstenestene, eller dersom nokon vil gje gåver til kyrkjelydsarbeidet til andre tider.

Soknerådet har halde 4 møte og handsama 46 saker.

I samarbeid med Trusopplæringa sitt arbeid i Eid har soknerådet vore med å hjelpt til med å arrangere Hallovenn.

Kyrkjelydens sitt årsmøte var 12. mars 2017 etter gudstenesta med kyrkjekaffi. Årsmelding og rekneskap blei godkjende utan merknader.

Soknerådet har framleis "MALI" som sitt hovudmisjonsprosjekt i utlandet.

Kjølsdalen skulemusikk og Kjølsdalen musikklag gler oss med musikk 17. mai og i jula. Musikantar frå kulturskulen og Kjølsdalen barnekor samt elevar frå Kjølsdalen Montessoriskule er også med og løftar gudstenestene på ein fin måte. Julekonserten som musikklaget arrangerer er til glede for mange og syner breidda av musikklivet i soknet. Vi er takksame for alle som stiller opp med musikk og song ved ulike arrangement.

Ei særleg takk går til Jon-Vegar Sole Sundal og Ingebjørg Eide som fleire gonger gjennom året har delteke med musikk frå galleriet. For å heidre dei med Europamestertittelen i brass med Eikanger-Bjørsvik musikklag, tok Kjølsdalen musikklag på seg ansvaret for kyrkjekaffien i samband med gudstenesta 4. juni.

Som takk for korpsa si positive deltaking ved gudstenester mv, gav Kjølsdalen sokneråd i 2017 ei gåve til Kjølsdalen skulemusikk og Kjølsdalen musikklag sin innsamlingsaksjon til slagverksinstrument.

Søndag 17. september vart det arrangert konfirrantjubileum for 50- og 60- årskonfirantar. Det var i alt 12 tidlegare konfirantar frå konfirrantkulla i 1956, 1957, 1966 og 1967 som deltok. Jubileet starta med gudsteneste, deretter vart det servert middag og kaffi i Kjølsdalen samfunnshus.

Tysdag 5. desember var Kjølsdalen sokneråd lokal arrangør/ samarbeidspartnar med Sogn og Fjordane Teater under deira oppsetting av «Miriam si forteljing» i Kjølsdalen kyrkje. Det var ein gripande presentasjon av juleevangeliet. Kjølsdalen kyrkje høver godt til slike arrangement.

Etter dei fleste gudstenestene i 2017 har det vorte arrangert kyrkjekaffi. Tilrettelegginga vert gjort av kyrkjevertane. Soknerådet kjøpte i 2017 inn kaffitraktar og vasskokar som kan nyttast ved slike høve. Det er og eit lager av kjeks, kaffi og te mv på dåpsrommet slik at serveringa kan gjerast enkel.

Leiar og sekretær har delteke på fellesmøte for alle sokneråda i nye Stad kommune. Møtet vart arrangert i Selje. Etter den tid er det òg klart at Bryggjaområdet med Totland kommune blir ein del av den nye kommunen. Lars Frode Humborstad er med i den kyrkjelege fellesnemnda for planlegginga som er naudsynt som følgje av kommunereformen.

Kjølsdalen sokneråd har òg vore representert på Kyrkjedag for Nordfjord/Årsmøte i Nordfjord prosti.

BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kjølisdalen yngres vert drive gjennom eit samarbeid mellom Normisjon Kjølisdalen og Kjølisdalen sokn. Yngres har samlingar for barn frå 5 til 12 år og møtest anna kvar veke i Kjølisdalen bedehus. Yngres har i 2017 hatt 19 medlemmer. Laget vert drive av Kirstin Myklebust med hjelp frå barna sine foreldre. Kjølisdalen sokneråd er takksame for det viktige arbeidet som vert lagt ned med Yngres.

INFORMASJON

Soknerådet har i 2017 arbeidd mykje med informasjon om kyrkja og aktivitetane i kyrkja. Facebook og Tavla er gode kanalar for å få ut informasjon til bygdefolket og andre interesserte, det same er heimesidene til Kjølisdalen krins utviklingslag. Soknerådet registrerer at mange brukar sidene og er interessert i det som vert presentert.

KYRKJEVERTAR OG TEKSTLESARAR

Soknerådet har arbeidd aktivt for å engasjere frivillige kyrkjevertar og tekstlesarar. Mange er positive og stiller opp, men vi skulle gjerne hatt fleire med på listene. Soknerådet ønskjer å takke alle som tek på seg frivillige oppdrag i kyrkjelyden.

GRØN KYRKJELYD

Kjølisdalen sokneråd har vedteke at vi skal vere ein «grøn kyrkjelyd». Omtanke i samband med forbruk og forureining skal gjennomsyre arbeidet og aktivitetane til Kjølisdalen kyrkjelyd. Dette er ei sak som soknerådet har fokus på og som vert løfta fram på kvart soknerådsmøte. Saman kan vi vere med å gjere val som er gode for klima og miljø både lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt. Vi vonar at fleire kyrkjelydar vil sjå kor viktig dette er og at dei også vil bli grønne kyrkjelydar.

TILSETTE

I 2017 slutta både sokneprest Øystein Mathisen og kateket Beate Osdal i stillingane sine i Eid. Kjølisdalen sokneråd vil take dei for det gode arbeid dei har lagt ned i Kjølisdalen sokne og resten av kommunen, og ønskjer dei lukke til med nye oppgåver.

Kari Leine Balog vart tilsett som ny sokneprest i Kjølisdalen, i tillegg har ho funksjonen som prostiprest. Kari Leine Balog vart innsett ved gudstenesta i Kjølisdalen 17. september 2017. Kjølisdalen sokneråd ser fram til eit godt samarbeid med Kari i kyrkjelyd og sokneråd.

KYRKJE OG KYRKJEGARD

Vi kan gle oss over at kyrkje og kyrkjegard får godt stell og vedlikehald. Kyrkjeverje, kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidarane legg vekt på å holde kyrkje og kyrkjegard i god stand.

Fellesrådet planlegg utviding av gravplassen. Soknerådet har fått involvere seg i planarbeidet, planane har og vore presentert på kyrkjelydens årsmøte og ved eit eige informasjonsmøte etter gudstenesta 20. august.

Fellesrådet har i 2017 investert i nytt lerret og videokanon med datamaskin i kyrkja. Dette gjer det enklare å nytte dette utstyret når det er formålstenleg.

KJØLSDALEN KYRKJELYD

Kjølisdalen kyrkjelyd er samansett av alle kyrkjemedlemene i Kjølisdalen. Kjølisdalen sokneråd ønskjer ein aktiv og deltakande kyrkjelyd og vonar at mange vil finne vegen til kyrkja i tida framover.

REKNESKAP KJØLSDALEN SOKNERÅD 2017.

	Inntekt.	Utgifter.
OFFER DIV.FORMÅL.	29509,90	
OFFER KYRKJELYDSARBEID	6543,00	
OVERFØRTE OFFERPENGAR		29505,90
KAFFITRAKTER/VANNKOKAR		2457,50
KONFIRMANTJUBILEUM	6400,00	
KONFIRMANTJUBILEUM		4304,87
KONFIRMASJONSFEST BEDEHUSET		1772,50
KORPSA INNSTRUMENT		5000,00
BLOMSTER PRESTANE VELKOMST/AVSKJED		1116,00
SOF TEATER GÅVE		208,00
BILLETINNTÉKT SOFT	1526,64	
KYRKJEDAG 1.PERSON		250,00
RENTER 2017	14,00	
INNTÉKT/UTGIFT 2017	43989,54	44694,78
UNDERSKUD 2017	-705,24	
SALDO PR.31.12.2017	30062,30	

HØGRENTEKONTO

SALDO 01.01.2017	29898,88
RENTER 2017	90,00
SALDO 31.12.2017	29988,88

Rekneskapen er revidert og ferdig
godkjent av råsmøtet.

24.01.2018

Anne-Kristin Bjørndal

A. Lunde